

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NIyR) bind 7)

KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

EIGARINNSKRIFTER. a. Merkelappar.

[789] N-28877 (Tidlegare omtala: Hagland 1988a: 150f, 156; 1988b: 22; 1988c: 54, 60; 1990b: 18, 27f; Sannes Johnsen 1981: 125; Seim 1989: 336; NIyR VI: 124, 170f, omtala som A158; Christophersen 1998, 27, 32).

Innskrifta står på eit krossforma eigarmerke av tre, 100 mm langt, 19 mm breitt på det breiaste og 7 mm tjukt. Funnet vart gjort i 1975, felt FL i hovdfase 8, som er arkeologisk datert til perioden frå ca. 1225 til ca. 1275. Det er runer på båe breisidene av merket. Innskrifta på side a tek til nedanfor krossarmene og fyller godt og vel halve den flata i full breidd, dvs. at ho er 31 mm lang og runene 13-17 mm høge. Runa på side b er 16 mm høg. Siste del av r. 4 på side a, binderuna, har **r** med open boge. Runene er skarpe i snittet og byr ikkje på problem med lesemåtar:

Y N T IR 1 1
a) **k u n a r a** b) **a**

a) *Gunnarr á*. 'Gunnar eig'. b) *a a*

Kva side b her skal vera, er uvisst. Språkleg sett kan det vera *á f*, 'søye', 'ho-sau' og objekt til verbet *eiga* på a-sida (jf. N797 nedanfor der ein del av objektet også står på tilsvarende plass i høve til resten av innskrifta). Men det synest ikkje å gi så god mening her med mindre vi kan rekna med at det har vore tale om slik merking ved livdyrhandel med småfe. Evidens til å avkrefta eller stadfesta det finst ikkje. Det isolerte teiknet på b-sida synest likevel ikkje å vera tilfelleleg. Merket her er nemleg på lag identisk både i ytre form og i utforming av innskrifta med N699 frå Bryggen i Bergen. *Gunnarr á* er skriven på nøyaktig same måte som her, og merket har også **a** på motsett side. Ingrid Sanness Johnsen (1981: 125) har, truleg med rette, peika på at både N699 og 698 må høyra til same person og truleg også vera rissa av same person som dette merket frå Trondheim. N698 frå Bergen har **pu** på b-sida og vantar binderune **ar** i *Gunnarr*, men er elles likt dei to andre. Sanness Johnsen tolkar denne namnefellesskapen og likskapen i ytre form som uttrykk for at vi her har å gjera med ein kjøpmann som har hatt varer merka med sitt namn både i Nidaros og i Bjørgvin (jf. N699). Den arkeologiske dateringa av trondheimsmerket utelukkar, som vi ser, ikkje ei slik oppfatning. Det at same eigar har etterlate seg merke i båe kaupangane, let seg greitt forklara om vi kan sjå det slik at nett denne typen innskrifter først og fremst har tent til eigaridentifikasjon under transport av varer inn til desse stadene. Noko bindande

prov på proveniens gir desse innskriftene likevel ikkje. Men det at same eigar har hatt gods både i Nidaros og Bjørgvin let seg godt forklara om vi kan sjå denne *Gunnarr* som ein tilreisande farmann. Vi veit at same person og same skip også frå Island kan ha hatt stopp både i Nidaros og Bjørgvin på ei og same ferd. Av og til var islendingar først i Noreg, inkludert dei to nemnde kjøpstadane, også når dei hadde ærend lenger sør og vest i Europa (jf. Hagland 1988a: 150f). Det er vel heller ikkje utenkjeleg at det i langtransport nordfrå i Noreg kan ha vorte etterlate merke frå same eigar både i Nidaros og i Bjørgvin. Spørsmålet om proveniens synest såleis å stå ganske ope i desse tilfelle. Men det synet som i det føregåande er lagt på den funksjon merka har hatt (sjå Innleiing s. #), synest greitt å kunna forklara kvifor vi finn merke etter same eigar i baa desse handelsmiljøa.